
Notat til PLA

Frå :
Rådmannen

Vår ref.
13/1049- 56/4452

Arkivkode
13/1049

Dykkar ref.

Dato
02.03.2015

Notat til trafikksikringsplan

Når det gjeld arbeidet med trafikksikringsplanen, er det viktig å påpeike at også Austevoll kommune har som prioritering at ein skal ha trygg skuleveg for alle dei yngre borna. Særleg vil dette vera viktige område ettersom Trolandshamar skule og Kolbeinsvik skule er vedteke nedlagt, og slått saman med Storebø skule og Selbjørn skule. Austevoll kommune tenkjer då særleg på skulevegen frå Hundvåkøy og Bakkasund over bruene med Indreholmen og til Storebø skule, samt på skulevegen frå Selbjørnsbrua til "Aisen"/Bunnpris like utanfor Bekkjarvik sentrum.

I forslag til trafikksikringsplanen er disse områda teke med i prioriteringslista, men det kan sjå ut som det berre er som følgje av private forslag til trafikktrygging. Austevoll kommune vil difor presisere og fremje at dette også er eit prioritert område frå kommunen si side.

Vurderinga av kva tiltak som lar seg gjere på den einstilte plass, vil følgje saken vidare i prosessen og kjem fram av dei faglege vurderingane av merknadar/innspel frå mellom anna Statens vegvesen i etterkant av at trafikksikringsplanen har vore på 1.gongshandsaming til offentleg høyring og ettersyn.

Administrasjonen i Austevoll kommune, på vegne av Rådmannen.